



MELAND KOMMUNE  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Kongsvinger, 31. mai 2017  
Vår ref.: 17/92  
Avdeling for digitalisering og fellesfunksjoner

## Vedtak om opplysningsplikt: MELAND KOMMUNE skal delta i undersøkinga Ledige stillingar

Statistisk sentralbyrå (SSB) treng informasjon frå MELAND KOMMUNE for å lage offisiell statistikk om Ledige stillingar. De skal rapportere kvartalsvis. Nedanfor får de informasjon om kva opplysningsplikta inneber. De skal rapportere elektronisk via Altinn. Informasjon om sjølve rapporteringa og fristar får de seinare i eit eige brev.

### Kva skal de rapportere?

For å kunne lage god statistikk over kor mange stillingar som er ledige i ulike næringer, treng vi informasjon om talet på ledige stillingar i verksemdene. Det er viktig at de svarer sjølv om de ikkje har hatt nokon ledige stillingar. Vi er ute etter alle betalte stillingar som er lyste ut, anten formelt eller uformelt.

### Svara dykkar er viktige

Offentlege verksemdar, næringsliv, forskarar og politikarar bruker statistikken for å forstå utviklinga på arbeidsmarknaden. Undersøkinga blir gjennomført i alle EU-landa, og Noreg pliktar etter EØS-avtalen å følge opp dette. NAVs statistikk over ledige stillingar har ikkje det omfanget og den avgrensinga av ledige stillingar som ligg i dei internasjonale krava.

På <http://www.ssb.no/innrapportering/naeringsliv/ledige-stillingar> kan de lese meir om korleis de svarer på undersøkinga.

### De har plikt til å rapportere innan fristen

Statistikken er så viktig for samfunnet at det ikkje er valfritt å delta. Opplysningsplikta gjeld for verksemda/verksemdene som er lista opp på baksida av brevet. Sender de ikkje opplysningane innan fristen, vil føretaket få tvangsmulkt.

### Har de skifta namn, næring eller adresse?

Dersom føretaket har endra namn, næring (verksemd/aktivitet) eller adresse, må de melde dette til Brønnøysundregistra ved å bruke del 1 av Samordna registermelding på [www.brreg.no](http://www.brreg.no).

### Aktuelt regelverk

- plikt til å gi og rett til å hente inn opplysningar: statistikkloven § 2-2
- rett til å påleggje tvangsmulkt: statistikkloven § 2-3
- rett til å tvangsinndrive mulkt og krevje betaling for kostnader: tvangsfyllbyrdesloven
- rett til å klage på eit vedtak: forvaltingsloven kapittel VI

Desse lovane finn de på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no).

### Meiner de at vedtaket er feil?

Meiner de at føretaket ikkje har opplysningsplikt, kan de klage på vedtaket innan tre veker rekna frå de tek imot vedtaket. De må grunngi klagen, og alle opplysningar som kan ha konsekvens for behandling av klagen, bør takast med.

Det er Finansdepartementet som er klageinstans, men de sender klagen til Statistisk sentralbyrå, Seksjon for S260, Postboks 8131 Dep., 0033 Oslo eller på e-post til [ledstill@ssb.no](mailto:ledstill@ssb.no). Klagen må innehalde desse punkta:

- ✓ namnet og organisasjonsnummeret til føretaket
- ✓ kva for statistisk undersøking det gjeld
- ✓ dokumentasjon på årsaka til at de meiner de ikkje har opplysningsplikt

### Har de spørsmål?

De kan ta kontakt med svartenesta vår på e-post [ledstill@ssb.no](mailto:ledstill@ssb.no) eller telefon 62 88 51 90 dersom noko er uklart eller de har spørsmål om vedtaket. Svartenesta er open kl. 09–15 alle kvardagar. Ha organisasjonsnummeret til føretaket klart, så kan vi hjelpe dykk raskare. For spørsmål om Altinn ta kontakt med brukarservice på telefon 75 00 60 00.

Med helsing



Christine Meyer  
administrerande direktør



Anne Sundvoll  
seksjonssjef